

Anders Hindenes
Mangerbua 17
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4071 - 22/44342

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
10.06.2022

Førespurnad til endring av registrert utleigedel - gbnr 137/698 Alver

Viser til e-post frå deg dat. 14.05.22. vedr. registrering av bustaden din.

Bustaden er registrert i matrikkelen, som bygningstype 112- einebustad med utleigedel. Bakgrunnen/tidspunktet for at dette bygget er registrert slik, går ikkje fram av matrikkelen. Først no inneverande år er det lagt til rette for å vise historikk av endringar som vert gjort på bygningsopplysningar.

Du skriv at du har sjekka og funne at godkjenning av leiligheit vart gitt alt frå huset var oppført i 1986.

Dei teikningane som ligg i byggesaka viser ikkje noko leiligheit i underetasjen på dette bygget. Etter teikningane som ligg i byggesaka har du ikkje noko godkjent leiligheit i underetasjen. Har du andre teikningar enn desse som er vedlagt her? Kvar har du funne den dokumentasjonen?

Det som står i matrikkelen, er ikkje nødvendigvis det som er godkjent etter Plan- og bygningslov (PBL). Matrikkelen skal også visa faktisk bruk, og kan difor avvika i høve til det som er godkjent etter PBL. Dersom det vart etablert ei utleigeeining, etter at byggeløyve til einebustaden var gjeve, har denne gjerne vorte registrert i matrikkelen, utan godkjenning etter PBL.

Tidlegar vart det, i Lindås kommune, ikkje sendt krav om kommunale avgifter pr bueining , slik det er bestemt at det skal gjerast i Alver kommune. Også NGIR brukar no tal bueiningar (bygningstype) som er registrert i matrikkelen som grunnlag for fakturering.

Dersom det er etablert ei bueining i underetasjen er det rett at det ligg med denne bygningstypen 112 og 2 bueiningar. Dette er likevel ikkje ei godkjent bueining, etter PBL. De må gjerne senda inn ei byggeteikning som viser kor stor denne bueininga er, og kor mange rom som høyrer til denne.

Då vil de nok få krav om avgifter både for VA og renovasjon. Det vert ikkje gjeve fritak for VA avgifter dersom huset ikkje vert kobla i frå kommunale leidningar. (opplysning frå avdelinga for kommunale avgifter).

Dersom bueininga har eigen ytre inngang, skal den også ha eige husnummer. Dersom det er felles inngang med hovudhusværet skal dei ha same husnummer og ulike (bolignummer) brukseiningnummer.

Dersom de vil at me skal ta vekk denne registrerte bueininga, som etter det eg finn ikkje er godkjent, kan de krevje endring av bygningsopplysningar på vedlagte skjema. Det vil då ikkje vera grunnlag for å kreve doble gebyrer.

Sjå vedlagte skjema for krav om endring av bygningsopplysningar/type.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

137-698-Byggeteikningar
Krav om endring av bygningstype i Matrikkelen

Mottakarar:

Anders Hindenes

Mangerbua 17

5911

ALVERSUND